

m. Sandbunn. Vei gjennom feltet og likeledes jernbanelinjen. Gjennemskjæres av Buråselven. H. o. h. er ca. 177 (Sjysjøen) —190 m.

15. *Semsmyrene* (Stormyren og Husmyren). Areal ca. 800 da. Delvis meget sumpig. Dybde fra 1,1—3,2 m. For størstedelen meget jevn bunn fra 2,7—3,2 m. Sand- og leirbunn. Myren deles i to av en elvdal med Leråen i bunnen. H. o. h. er ca. 40—45 m.

16. *Horjemyr*. Areal ca. 200 da. Torvstrømyr, dyp mose. Dybde 1,4—2,2 m. Leirbunn. H. o. h. er ca. 40 m.

17. *Hafelmyr*. Areal ca. 1000 da. Dybde fra 1,5—over 3,0 m. Nordlandsveien går langs østre kant av myren. (Tidligere sies å være tatt brenntorv herfra til bruk ombord i «Bonden», men den var ikke av beste kvalitet. H. o. h. er ca. 170 m.

Samlet areal av alle målte felter i Snåsa er ca. 10,000 da. Arealene er kun opgitt rent skjønnsmessig.

## SÅPOTETER PÅ MYRJORD.

I landbruksbladet «Svenskt Land» (nr. 10 - 1932) står en artikkel om hvor heldig det er å benytte poteter fra myrjord på mineraljord.

Ved Flahult i Sverige har der gjennom 9 år vært drevet forsøk for å fastslå riktigheten av dette.

Ved å ta såpoteter fra myrjord og sette på sandjord er der oppnådd en meravling av 2800 kg. pr. ha. (280 kg. pr. mål) og 270 kg. pr. ha. mere stivelse enn med samme slags såpoteter tatt fra mineraljord.

Gjennemsnittresultatet av forsøkene viste pr. ha.:

Såpoteter fra sandjord 21,3 tonn

» » myrjord 23,3 »

eller en avlingsøkning fra 8 til 10 prosent.

Ved Det Norske Myrselskaps forsøksstasjon på Mære er der også foretatt forsøk hermed, og i årsmeldingen 1925 og 1926 fra vår forsøksstasjon meddeler forsøksleder Hagerup:

«Det er ålment kjent, at myrjordspotet ikkje er god til mat. Dette kan vel stå noko i samband med, at han er ikkje so rik på turremne som fastmarkspotet, og heller ikkje når so god mogning som denne. I dei 5 siste åra (1921—1925) har vi dyrka Grahampotet foruten på myrjord også på fastmark (leirholdig morenejord), som ligg 3—400 m. frå forsøksstasjonen. Turremneprosenten er undersøkt i potetene frå baa stader, og resultatet er framstilt i tabel 4.

Tab. 4. *Innhald av turremne og stivels i Grahmpotet frå myrjord og fastmarksjord 1921—1925.*

År	Turremneprosent i:		Stivels i:	
	Grahm frå myrjord 0 0	Grahm frå fastmark 0 0	Grahm frå myrjord 0 0	Grahm frå fastmark 0 0
1921 . . . . .	19,2	19,7	13,4	13,9
1922 . . . . .	18,3	22,3	12,5	16,5
1923 . . . . .	17,72	19,2	11,9	13,4
1924 . . . . .	17,8	19,2	12,0	13,4
1925 . . . . .	20,16	20,31	14,36	14,51
Medeltal	18,62	20,14	12,83	14,34

Som det av denne vil gå fram har skilnaden i innhald av turremne svinga noko mykje frå år til anna, frå 0,15 prosent til 4 prosent, men i alle år høgst hjå fastmarkspoteten. Medeltalet vert slik:

Fastmarkspotet . . . . .	20,14	pst. turremne
Myrjordspotet . . . . .	18,62	» »

Skilnad 1,52 pst.

Det er serleg om hausten at myrpoteten ikkje er god til mat. Men når han har vore lagra ei tid, utover mot vårparten, vert han slett ikkje so ille til mat heller. Til fôr må noko meire til for å gjera godt for fastmarkspoteten. Reknar ein, at det går 0,9 kg. turremne i potetene til 1 føreining (ved produksjon av fleisk), vil det av Grahmpotet frå myrjord gå ca. 5 kg. pr. f.e. i medel etter dei turremneanalyser vi har av denne (11 år).

I femåret 1911—1915 viser dei prøvde slag eit slikt turremneinnhald:

Skaun . . . . .	18,7	pst.
Marius . . . . .	17,8	»
Ny matador . . . . .	17,0	»
Grahm . . . . .	16,8	»
Halsnes . . . . .	16,8	»

Veksling av utsed med poteter på fastmark frå myrjord og omvendt er lite klårlagt med forsøk her. Som fyrr omtala er eit slikt forsøk utført i 1912 og gjort greide for i tidsskriftet for 1913. Då var samanlikna utsed frå fastmark og frå myrjord dyrka på moldrik leirjord. Resultatet var at utsed frå myrjord gav 10 kg. meiravl pr. dekar enn fastmarksutsed, eller å segja like stor avling. Utenlandske for-

søk viser, at myrjordspotet gjev større avkastnad enn fastmarkspotet som utsed på fastmark. Forsøk \*) ved Svenska Mosskulturföreningens forsøksgård, Flahult, 1913—1922 har vist, at myrjordspotet (mosemyr) som utsed på sandjord har gjeve i medeltal 16 prosent høgere avling enn utsed som er produsera på sandjord.

I 1925 vart ved Myrselskapets forsøksstasjon utført eit forsøk for samanlikning millom fastmarkspotet og myrjordspotet som utsed på myrjord. Feltet låg på grasmyr med fylgjande gjødsling: 30 kg. superfosfat + 40 kg. (40 %) kalisalt + 30 kg. norgesalpeter som overgjødsling. Potetene sett 20. mai og teke upp 25. september. Resultatet ser slik ut:

Utsed: Grahmpotet	Pr. dekar kg.		
	Store poteter	Små poteter	Sum
Frå myrjord . . . . .	1947	340	2287
„ fastmarkspotet . . . . .	2033	254	2287
Meiravl + eller mindreavl med myrfordspotet . . . . .	+ 86	- 86	

Totalavlingen er like stor for dei 2 slags utsed. Det er nokon skilnad i samhøvet millom store og små poteter, fastmarkspotet har gjeve ca. 4 prosent meire storpotet, medan myrjordspotet har gjeve 4 prosent meire småpotet. Eit års forsøk kan ikkje gjeve sikkert svar men forsøket vert gjenteke.»

De svenske og norske forsøk ser således ikke ut til å stemme overens. Det er vel mulig at klimaet spiller en rolle og at forsøkene vilde falle gunstigere ut lengere sydover enn i Trøndelag.

Hvis andre her til lands har høstet erfaringer på dette område, vilde det være av interesse å få meddelelse om dette.

\*) H. Witte: Potatisodling på torvjord, s. 25.